

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 10.06.2014
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 17:00

styringsgruppemøte;

Kraftspela 2014

Oppvekstplan

Jan Håland og Ola Klyve Dalland orienterte om reguleringsplan for sentrumsområde Hosteland, klokka 11: Presentasjon av skisser ved Abo Plan & Arkitektur AS – reguleringsplan Hosteland

Tema

Kraft / konsesjonskraftavtale – BKK

Breiband og mobildekning

Kvamme industriområde

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Karstein Totland, ordførar	H	Ordførar
Lene Hansen Kvamsdal		Medlem
Marit Steinestø	Krf	Varaordførar
Egil Kvingedal	V	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. rådmann Sveinung Toft og konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
040/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
041/2014	Godkjenning av møtebok
042/2014	Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015 - 2019 - høyring og offentlig ettersyn
043/2014	Leksehjelp i grunnskulen
044/2014	Økonomisk rapportering - 1. tertial 2014
045/2014	Revisjon seniorpolitikk
046/2014	Fjon fjellkyrkje - søknad om støtte til nytt kjøkken
047/2014	Høyringsvar på framlegg til lovendring låneoptak knytt til kommunereform
048/2014	Nordhordlandspakken
049/2014	Nordbygda sentralbaneanlegg - fornya driftsavtale 2014 - 2016
050/2014	Finansiering av planarbeid Masfjordbrua
051/2014	Delegerte saker
052/2014	Referatsak
053/2014	Rammer for årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2015 - 2018
054/2014	Utbygging av tømmerkai på Eidsnes

040/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

10.06.2014 FORMANNSKAPET

foreslått av:

Ordførar Karstein Totland opplyste om at ein ville handsama sak 044/14 og 053/14 først.

Egil Kvingedal, V, etterlyste Støysak - Nærmiljøanlegg på Sandnes der formannskapet var på synfaring i samband med førre formannskapsmøte. Han sa at det sto i møteboka at saka skulle koma til handsaming i dagens møte.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen opplyste om at saka ikkje var ferdig handsama.

FS - 040/2014 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

041/2014: Godkjenning av møtebok**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Arthur Sjursen, Ap, spurde om denne saka skulle vera på saklista sidan ein godkjende møteboka direkte i møtet.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at ein inntil vidare ville ta med godkjenning av møtebok i påfølgande møte slik som før.

FS - 041/2014 VEDTAK:

Møteboka frå formannskapet den 13.05.14 vert godkjend.

042/2014: Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015 - 2019 - høyring og offentleg ettersyn

Rådmannen sitt framlegg:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14, jf § 11-4, vert Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2015 – 2019 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Konsulent Lovisa Midtbø som har jobba i lag med rådgjevar Anne Kristin Rafoss med planen, møtte til denne saka og orienterte og svara på spørsmål.

Røysting:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - 042/2014 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14, jf § 11-4, vert Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2015 – 2019 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik han ligg føre.

043/2014: Leksehjelp i grunnskulen

Rådmannen sitt framlegg:

Frå 1. august 2014 vert følgjande ordning med leksehjelp innført i Masfjorden kommune: Alle elevar i 5.-10. klasse får tilbod om leksehjelp 1 eller 2 gonger for veka. Som ei overgangsordning får elevane i 3. og 4. klasse tilbod om leksehjelp skuleåret 2014-15.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Rådgjevar Alf Strand var tilstades og svara på spørsmål.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - 043/2014 VEDTAK:

Frå 1. august 2014 vert følgjande ordning med leksehjelp innført i Masfjorden kommune: Alle elevar i 5.-10. klasse får tilbod om leksehjelp 1 eller 2 gonger for veka. Som ei overgangsordning får elevane i 3. og 4. klasse tilbod om leksehjelp skuleåret 2014-15.

044/2014: Økonomisk rapportering - 1. tertial 2014

Rådmannen sitt framlegg:

Økonomisk rapportering 1. tertial 2014 vert teken til vitring

Det vert føreteke budsjettjusteringar i driftsbudsjettet for 2014 slik det går fram i Tabell 1 – sentrale postar og Tabell 2 – Rammeområder

Det vert føreteke budsjettjusteringar i investeringsbudsjettet for 2014 slik det går fram i Tabell 3 – investeringsrekneskap

10.06.2014 FORMANNSKAPET

foreslått av:

Økonomisjef Kristian Moen orienterte om saka.

Formannskapet ba om å få med tekstdel i møteboka kva som er budsjettjusteringar for 2014, jfr. tabellar i tertialrapporten.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet med tillegg i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - 044/2014 VEDTAK:

Økonomisk rapportering 1. tertial 2014 vert teken til vitring

Det vert føreteke budsjettjusteringar i driftsbudsjettet for 2014 slik det går fram i Tabell 1 – sentrale postar og Tabell 2 – Rammeområder

Det vert føreteke budsjettjusteringar i investeringsbudsjettet for 2014 slik det går fram i Tabell 3 – investeringsrekneskap.

Budsjettendring drift;

- Frie inntekter redusert med 1 mill.kr – skatteinngang . skjema 1A.
- Premieavvik vert inntektsført med 1 mill.kr. utover budsjett. Ført under andre tenesteområder, skjema 1B.
- Bundne driftsfond, bruk av fond med 1.105.000 konto 19500 – brukt under sosial- og barnevern med 295.000, pleie- og omsorg med 810.000.

Budsjettendring investering

- Ventilasjon Sandnes skule med 1,3 mill.kr. vert ikkje gjennomført i 2014, midlar overført Matre skule
Ein satsar på at ventilasjon Sandnes skule vert realisert i 2015.
 - Ventilasjonsanlegg Matre skule, opphavleg med 1 mill.kr., vert tilført ytterlegare 1,3 mill.kr., - samla budsjett 2014 utgjer 2,3 mill.kr.
 - Miljøretta helsevern – ein del rapportar med motatt vert lagt fram i samband med Kommunestyremøte 19.juni 2014.
-

045/2014: Revisjon seniorpolitikk

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek «Seniorpolitikk» slik dette framkjem i vedlagt dokument. Dette inneberer fylgjande prinsipiell endring; Ordninga med seniortillegg vert avvikla frå 31.12.14. Midlane som elles ville vorte nytta til dette føremålet vert avsett i budsjettet til frikjøp av seniorar. Intensjon ved frikjøp framkjem av saksutgreiing i denne saka.

13.05.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET

Personalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om saka.

Framlegg til vedtak frå Arthur Sjursen (A): Ordninga vert vidareført slik den ligg føre i dag. Tilbod om seniorsamling får tilsette tilbod om det året ein fyller 60 år.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke.

AU - 016/2014 VEDTAK:

Ordninga vert vidareført slik den ligg føre i dag. Tilbod om seniorsamling får tilsette tilbod om det året ein fyller 60 år.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Arthur Sjursen, Ap, opprettheldt sitt framlegg frå administrasjonsutvalet:

Ordninga vert vidareført slik den ligg føre i dag. Tilbod om seniorsamling får tilsette tilbod om det året ein fyller 60 år.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonsutvalet / Ap sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - 045/2014 VEDTAK:

Ordninga vert vidareført slik den ligg føre i dag. Tilbod om seniorsamling får tilsette tilbod om det året ein fyller 60 år.

046/2014: Fjon fjellkyrkje - søknad om støtte til nytt kjøkken**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 20.000 i støtte til totalrenovering av kjøkkenet ved Fjon Fjellkyrkje. Tilskotet vert dekket av tilleggsøyvingar, teneste 18004.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 046/2014 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 20.000 i støtte til totalrenovering av kjøkkenet ved Fjon Fjellkyrkje. Tilskotet vert dekket av tilleggsøyvingar, teneste 18004.

047/2014: Høyringsvar på framlegg til lovendring låneopptak knytt til kommunereform

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune er i mot framlegget til lovendring som inneber at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015–2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen, og tilrår at lovendring ikkje vert gjennomført. Framlegget til lovendring inneber klart manglande tillit til kommunane frå sentralt hald. Manglande tillit kan lett bli eit hinder å få til gode prosesser og kan medføre dårlegare resultat enn det ein elles kunne ha oppnådd. Statleg godkjenning av låneopptak m.m. strider mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre og er eit unødvendig inngrep overfor kommunar som ikkje er registrert i Robek registeret.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - 047/2014 VEDTAK:

Masfjorden kommune er i mot framlegget til lovendring som inneber at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar for budsjettåra 2015–2017 ikkje er gyldige før dei er godkjende av fylkesmannen, og tilrår at lovendring ikkje vert gjennomført. Framlegget til lovendring inneber klart manglande tillit til kommunane frå sentralt hald. Manglande tillit kan lett bli eit hinder å få til gode prosesser og kan medføre dårlegare resultat enn det ein elles kunne ha oppnådd. Statleg godkjenning av låneopptak m.m. strider mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre og er eit unødvendig inngrep overfor kommunar som ikkje er registrert i Robek registeret.

048/2014: Nordhordlandspakken

Rådmannen sitt framlegg:

1. Masfjorden kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
2. Masfjorden kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyning for desse prosjekta.
3. Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Masfjorden kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løyning for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
4. Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
 - vurdere finansieringsløyningar (auka offentleg innsats etc.).

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte.

Røysting:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - 048/2014 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
 2. Masfjorden kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.
 3. Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Masfjorden kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidsretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
 4. Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
 - vurdere finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.).
-

049/2014: Nordbygda sentralbaneanlegg - fornya driftsavtale 2014 - 2016**Rådmannen sitt framlegg:**

Driftsavtalen mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2014 – 2016, og i tråd med saksutgreiinga.

Kommunalt driftstilskot vert oppjustert til kr. 155.000,- pr. år utan indeksregulering.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Opplysning frå rådmann Svein Helge Hofslundsengen i høve søknad om fornya driftsavtale:

Søknad frå Masfjord fotballag om auke med 10% høve noverande avtale, kr. 165.000,-. Tiltrådd tilskot i tråd med konsumprisindeksen – kr. 155.000,-.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - 049/2014 VEDTAK:

Driftsavtalen mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2014 – 2016, og i tråd med saksutgreiinga.

Kommunalt driftstilskot vert oppjustert til kr. 155.000,- pr. år utan indeksregulering.

050/2014: Finansiering av planarbeid Masfjordbrua**Rådmannen sitt framlegg:**

Det vert løyvd inntil 1,5 million til arbeid med områdeplan med konsekvensutgreiing for bru over Masfjorden.

Prosjektet skal finansierast over brufondet.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

FS - 050/2014 VEDTAK:

Det vert løyvd inntil 1,5 million til arbeid med områdeplan med konsekvensutgreiing for bru over Masfjorden.

Prosjektet skal finansierast over brufondet.

051/2014: Delegerte saker**Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Oversikt delegerte saker:

01/14 Ambulerande skjenkeløyve for trekkspefest

02/14 Søknad om skjenkeløyve for Kraftspela 2014

03/14 Tildeling av kommunale VO-midlar for 2. halvår 2013

04/14 Tildeling av kulturmidlar 2014

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom dokumenta og orienterte.

Det vart opplyst om at delegert vedtak om kulturmidlar 2014 ikkje var kome med i innkallinga. Formannskapet fekk utdelt oversikt over kulturmidlar 2014 i møtet.

Røysting:

Delegerte vedtak vart samrøystes teke til orientering.

FS - 051/2014 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering

052/2014: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Nytt dokument tilført referatsaker;

Til høyringsnotatet "Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov". høyringsutkast utarbeidd. Vert lagt ved møteprotokollen.

Orienteringar:

Rådgjevar Alf Strand orienterte frå elevundersøkinga 2013 og delte ut dokument med resultat frå undersøkinga.

Spørsmål:

Egil Kvingedal:

1. Ber om at rådmannen sender motsegn til høyring vedr Søknad om utviding av MTB frå 1560 tonn til 3600 tonn på lokalitet 13704 Vikane, Masfjorden kommune til Fylkesmannen. Dette bør gjerast snarast råd.Ref Intern arkiv nr 14/195 - 14/2350.
2. Sleire skulemuseum; Er det mulig å etablere parkeringsplass til besøkende og turgåere?
3. Korleis er status på ny vassavtale med Gulen kommune?
4. Skulestruktur, rapport etter bestilling er sendt ut k-styre, når kjem dette opp som sak? Kjem den som eiga sak utanom oppvekstplanen?

Svar frå rådmann på spørsmål 3 vassavtalen;

Ein har kome fram til ei forenkla løysing. Revisjon av vassavtale vart utdelt (ikkje underskrive)

Svar på spørsmål 4 Skulestruktur:

Skulestruktur vil koma som eiga sak.

Spørsmål frå Krf til møte 10.06.14:

- Er det planlagt ladestasjonar til E-biler i kommunen ? Vil kommuneansatte kunne lade el-bilen sin på jobben (f.eks. Masfjorden sjukeheim) ?
- Har kommunen tenkt å kjøpe el-bil neste gong einkjøper inn leasing biler?

- Vil Masfjorden kommune som kraftkommune støtte bruk av e-bil med gratis ladestasjoner?

Svar frå ordførar:

Det er ikkje planlagt ladestasjoner i kommunen.

Masfjorden kommunen betalar i ein ladestasjon som vert plassert i Romarheimsdalen.

Marit Steinestø ber om at me sender høyringsuttale (på nynorsk) vedr. Referat sak: Attføring på anbud, i tråd med forslaget i innkallinga.

Orienteringar v/rådmann:

BKK - konsesjonskraftavtale - det vert jobba vidare med den.

Avtalen vart utdelt til formannskapet.

Kvamme industriområde - orientering og synfaring i første møte til hausten.

Breiband og mobildekning - orientering v/ordførar Karstein Totland.

Kjem eiga sak til kommunestyret om dette.

Reparasjon av sjøkabel i Masfjorden, orientering v/Karstein Totland.

Masfjorden kommune vil tinga reparasjon av sjøkabel hjå BKK.

Oppvekstplan - orientering om status ved rådgjevar Alf Strand.

Formannskapet stilte spørsmål til Strand undervegs.

Planen var grundig drøfta.

FS - 052/2014 VEDTAK:

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

053/2014: Rammer for årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2015 - 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Den økonomiske inntektsramma for 2015 – 2018, med utgangspunkt i kommuneproposisjonen 2015, danner grunnlag for følgende rammeføresetnader i skjema 1A, fordelt på rammemeområda i skjema 1B

Budsjettskjema 1A – drift	Regnskap 2013	Budsjett 2014	Ramme 2015	Ramme 2016	Ramme 2017	Ramme 2018
Skatt på inntekt og formue	48 916 510	50 847 000	52 173 000	53 944 000	56 013 000	58 237 000
Ordinært rammetilskudd	56 910 680	62 298 000	64 175 000	66 306 000	68 800 000	71 000 000
Skatt på eiendom	24 386 896	24 260 000	24 300 000	24 300 000	24 300 000	24 300 000
Andre direkte eller indirekte skatter	2 632 315	2 360 000	2 400 000	2 400 000	2 400 000	2 400 000
Andre generelle statstilskudd	1 359 277	2 860 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Sum frie disponible inntekter	134 206 278	142 625 000	144 248 000	148 150 000	152 713 000	157 137 000
Renteinntekter og utbytte	1 972 679	1 765 500	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	2 866 117					
Renteutg., provisjoner og andre fin. utg.	1 796 341	2 001 500	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)						
Avdrag på lån	4 845 396	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000
Netto finansinnt./utg.	-1 802 941	-4 536 000	-5 100 000	-5 100 000	-5 100 000	-5 100 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk						
Til ubundne avsetninger	8 170 553	2 370 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Til bundne avsetninger	1 895 494					
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	5 983 883					
Bruk av ubundne avsetninger	2 367 725	1 896 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Bruk av bundne avsetninger	944 000	250 000				
Netto avsetninger	-770 439	-224 000	0	0	0	0
Overført til investeringsregnskapet	1 558 571	750 000				
Til fordeling drift	130 074 327	137 115 000	139 148 000	143 050 000	147 613 000	152 037 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	124 929 851	137 115 000	139 148 000	143 050 000	147 613 000	152 037 000
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	5 144 476	0	0	0	0	0
Regnskapsskjema 1B – drift	Regnskap 2014	Budsjett 2014	Ramme 2015	Ramme 2016	Ramme 2017	Ramme 2018
Folkevalgte organ	2 061 661	2 013 500	2 074 000	2 136 000	2 200 000	2 266 000
Administrasjon	13 395 349	13 532 300	13 938 000	14 086 000	14 786 000	15 229 000
Barnehage	13 632 147	14 909 900	15 357 000	15 817 000	16 291 000	16 779 000
Skule	35 808 048	37 902 000	39 039 000	40 210 000	41 416 000	42 658 000
Helse	10 721 337	11 248 600	9 509 000	9 794 000	10 087 000	10 389 000
Sosial og barnevern	5 762 330	6 372 100	6 563 000	6 760 000	6 962 000	7 170 000
Pleie og omsorg	37 381 291	42 790 100	44 073 000	45 395 000	46 756 000	48 158 000
Kultur	6 219 403	6 246 500	6 433 000	6 625 000	6 823 000	7 027 000
Kyrkja	3 622 693	3 480 000	3 584 000	3 691 000	3 801 000	3 915 000
Teknisk	8 160 265	7 089 200	7 301 000	7 520 000	7 745 000	7 977 000
Andre tenesteområder	-11 834 673	-8 469 200	-8 723 000	-8 984 000	-9 254 000	-9 531 000
Sum rammeområde	124 929 851	137 115 000	139 148 000	143 050 000	147 613 000	152 037 000

Investeringsplan i tråd med gjeldande økonomiplan, supplert med tiltak i 2018

Budsjettskjema 2A - Investering	Ramme 2015	Ramme 2016	Ramme 2017	Ramme 2018
Finansieringsbehov				
Investeringer i anleggsmidler	4 600 000	5 500 000	5 750 000	5 850 000
Utlån og forskutteringer	750 000	750 000	850 000	850 000
Avdrag på lån				
Dekning av tidligere års udekket				
Avsetninger				
Årets finansieringsbehov	5 350 000	6 250 000	6 600 000	6 700 000
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	4 270 000	4 100 000	4 200 000	4 300 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler				
Tilskudd til investeringer		500 000	500 000	500 000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner				
Andre inntekter				
Sum ekstern finansiering	4 270 000	4 600 000	4 700 000	4 800 000
Overført fra driftsregnskapet		0		
Bruk av tidligere års udisponert		0		
Bruk av avsetninger	1 080 000	1 650 000	1 900 000	1 900 000
Sum finansiering	5 350 000	6 250 000	6 600 000	6 700 000
Udekket/udisponert	0	0	0	0
Regnskapsskjema 2B - investering	Ramme 2015	Ramme 2016	Ramme 2017	Ramme 2018
Investering i anlegg	4 600 000	5 500 000	5 750 000	5 850 000
Edb felles	500 000	500 000	500 000	500 000
Opprusting kommunale bygg	2 000 000	2 000 000	3 000 000	3 000 000
Kommunale vegar	1 000 000	1 800 000	900 000	1 000 000
Vassforsyning	500 000	500 000	400 000	400 000
Avlaup	100 000	200 000	200 000	200 000
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000	500 000	750 000	750 000

Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2014 leggje fram eit balansert driftsbudsjett for 2015 og økonomiplan for perioden 2015 – 2018 i balanse, og ajourført investeringsplan 2015 – 2018.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Økonomikonsulent Kristian Moen gjekk gjennom og orienterte om rammesaka.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes tilrådd overfor kommunestyret.

FS - 053/2014 VEDTAK:

Den økonomiske inntektsramma for 2015 – 2018, med utgangspunkt i kommuneproposisjonen 2015, dannar grunnlag for følgjande rammeføresetnader i skjema 1A, fordelt på rammmeområda i skjema 1B

Budsjettskjema 1A – drift	Regnskap 2013	Budsjett 2014	Ramme 2015	Ramme 2016	Ramme 2017	Ramme 2018
Skatt på inntekt og formue	48 916 510	50 847 000	52 173 000	53 944 000	56 013 000	58 237 000
Ordinært rammetilskudd	56 910 680	62 298 000	64 175 000	66 306 000	68 800 000	71 000 000
Skatt på eiendom	24 386 896	24 260 000	24 300 000	24 300 000	24 300 000	24 300 000
Andre direkte eller indirekte skatter	2 632 915	2 360 000	2 400 000	2 400 000	2 400 000	2 400 000
Andre generelle statstilskudd	1 359 277	2 860 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Sum frie disponible inntekter	134 206 278	142 625 000	144 248 000	148 150 000	152 713 000	157 137 000
Renteinntekter og utbytte	1 972 679	1 765 500	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	2 866 117					
Renteutg., provisjoner og andre fin. utg.	1 796 341	2 001 500	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)						
Avdrag på lån	4 845 396	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000
Netto finansinnt. utg.	-1 802 941	-4 536 000	-5 100 000	-5 100 000	-5 100 000	-5 100 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk						
Til ubundne avsetninger	8 170 553	2 370 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Til bundne avsetninger	1 895 494					
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	5 983 883					
Bruk av ubundne avsetninger	2 367 725	1 896 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Bruk av bundne avsetninger	944 000	250 000				
Netto avsetninger	-770 439	-224 000	0	0	0	0
Overført til investeringsregnskapet	1 558 571	750 000				
Til fordeling drift	130 074 327	137 115 000	139 148 000	143 050 000	147 613 000	152 037 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	124 929 851	137 115 000	139 148 000	143 050 000	147 613 000	152 037 000
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	5 144 476	0	0	0	0	0
Regnskapsskjema 1B – drift	Regnskap 2014	Budsjett 2014	Ramme 2015	Ramme 2016	Ramme 2017	Ramme 2018
Folkevalgte organ	2 061 661	2 013 500	2 074 000	2 136 000	2 200 000	2 266 000
Administrasjon	13 395 349	13 532 300	13 938 000	14 086 000	14 786 000	15 229 000
Barnehage	13 632 147	14 909 900	15 357 000	15 817 000	16 291 000	16 779 000
Skule	35 808 048	37 902 000	39 039 000	40 210 000	41 416 000	42 658 000
Helse	10 721 337	11 248 600	9 509 000	9 794 000	10 087 000	10 389 000
Sosial og barnevern	5 762 330	6 372 100	6 563 000	6 760 000	6 962 000	7 170 000
Pleie og omsorg	37 381 291	42 790 100	44 073 000	45 395 000	46 756 000	48 158 000
Kultur	6 219 403	6 246 500	6 433 000	6 625 000	6 823 000	7 027 000
Kyrkja	3 622 693	3 480 000	3 584 000	3 691 000	3 801 000	3 915 000
Teknisk	8 160 265	7 089 200	7 301 000	7 520 000	7 745 000	7 977 000
Andre tenesteområder	-11 834 673	-8 469 200	-8 723 000	-8 984 000	-9 254 000	-9 531 000
Sum rammeområde	124 929 851	137 115 000	139 148 000	143 050 000	147 613 000	152 037 000

Investeringsplan i tråd med gjeldande økonomiplan, supplert med tiltak i 2018

Budsjettskjema 2A - Investering	Ramme 2015	Ramme 2016	Ramme 2017	Ramme 2018
Finansieringsbehov				
Investeringer i anleggsmidler	4 600 000	5 500 000	5 750 000	5 850 000
Utlån og forskutteringer	750 000	750 000	850 000	850 000
Avdrag på lån				
Dekning av tidligere års udekket				
Avsetninger				
Årets finansieringsbehov	5 350 000	6 250 000	6 600 000	6 700 000
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	4 270 000	4 100 000	4 200 000	4 300 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler				
Tilskudd til investeringer		500 000	500 000	500 000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner				
Andre inntekter				
Sum ekstern finansiering	4 270 000	4 600 000	4 700 000	4 800 000
Overført fra driftsregnskapet		0		
Bruk av tidligere års udisponert		0		
Bruk av avsetninger	1 080 000	1 650 000	1 900 000	1 900 000
Sum finansiering	5 350 000	6 250 000	6 600 000	6 700 000
Udekket/udisponert	0	0	0	0
Regnskapsskjema 2B - investering	Ramme 2015	Ramme 2016	Ramme 2017	Ramme 2018
Investering i anlegg	4 600 000	5 500 000	5 750 000	5 850 000
Edb felles	500 000	500 000	500 000	500 000
Opprusting kommunale bygg	2 000 000	2 000 000	3 000 000	3 000 000
Kommunale vegar	1 000 000	1 800 000	900 000	1 000 000
Vassforsyning	500 000	500 000	400 000	400 000
Avlaup	100 000	200 000	200 000	200 000
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000	500 000	750 000	750 000

Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2014 leggje fram eit balansert driftsbudsjett for 2015 og økonomiplan for perioden 2015 – 2018 i balanse, og ajourført investeringsplan 2015 – 2018.

054/2014: Utbygging av tømmerkai på Eidsnes

Rådmannen sitt framlegg:

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at ein ikkje skal gje stønad til prosjekt som får store statlege overføringar, og kan difor ikkje løyve midlar til tømmerkai på Eidsnes. Kraftfondet bør vurdere om Masfjorden kommune bør prioritere prosjektet frå andre budsjettpostar, då det kan ha innverknad på arbeidsplassar i nær avstand til kommunen.

22.04.2014 KRAFTFONDSSTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til endring av vedtak, frå Egil Kvingedal (V).

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at ein ikkje skal gje stønad til prosjekt som får store statlege overføringar, og kan difor ikkje løyve midlar til tømmerkai på Eidsnes.

Ingen opprettheldt rådmannen sitt framlegg:

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at ein ikkje skal gje stønad til prosjekt som får store statlege overføringar, og kan difor ikkje løyve midlar til tømmerkai på Eidsnes. Kraftfondet bør vurdere om Masfjorden kommune bør prioritere prosjektet frå andre budsjettpostar, då det kan ha innverknad på arbeidsplassar i nær avstand til kommunen.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå Venstre vart samrøystes vedteke.

KRFT - 005/14 VEDTAK:

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at ein ikkje skal gje stønad til prosjekt som får store statlege overføringar, og kan difor ikkje løyve midlar til tømmerkai på Eidsnes.

10.06.2014 FORMANNSKAPET

Framlegget som vart utsendt i sakspapira den 4. juni var feil. Dette var framlegget til første handsaming av saka i kraftfondsstyret den 22.04.14. Kraftfondsstyret ba då om at saka vart sendt til handsaming i formannskapet. Det nye framlegget vart sendt ut på epost til formannskapet den 5. juni, dagen etter innkallinga var sendt utsendt.

Nytt framlegg frå rådmannen er:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 40.000 til prosjektet, Tømmerkai på Eidsnes.

Røysting;

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 054/2014 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 40.000 til prosjektet, Tømmerkai på Eidsnes.

Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapsmøte den 10.06.2014 vert vitna:

Karstein Totland
Ordførar

Marit Steinestø
varaordførar